



Styret og varamedlemmene i helselaget samla etter  rsm tet: Foran sit fr  venstre Berit H. Myklebust, Selma Eik og Inger Moberg. Bak st r Margit Eik, Berit Harriet D ssland, Hilda Guddal og Martha Bakke . (Foto: Ola Matti Mathisen).

Uskedal Helselag, som no har 114 medlemmer, har lagt bak seg eitt nytt, imponerende "g ve r".

I 2008 gav det driftige laget 47.054 kroner i pengeg ver til ymse gode f rem l.

Det var ikkje minst eit resultat av ein sv ert vellukka Helgheim-basar som gav ei inntekt p  38.956 kroner. Den landsdekkjande demensaksjonen gav eit resultat p  18.752 kroner i Uskedalen dette  ret.

Under  rsm tet som vart avvikla m ndag kveld vart 30.000 fordelt for 2009. Meir vil bli fordelt seinare, men g vesummen blir truleg ikkje fullt s  stor som i fjor.

Dette er g velista for 2008:

- * Hjarteforskning 10.000
- * Kreftforskning 5.000
- * Tuberkulose 10.000
- * Rosendal helsesenter, utstyr til EKG med programvare 5.000
- * Kafe TI-aren 3.000
- * Skulekorpsa i Uskedalen og Rosendal (Brodahl-prosjektet) 3.000
- * Sorggruppa "Leve" for etterlatte i Helse Fonna 1.500
- * CRP-utstyr til heimesjuketenesta i Uskedalen 6.000
- * Matter til dei sm  i TI-aren 1.600
- * Juleduk til utlodding i TI-aren 954.

Dette er den f rebelse g velista for 2009:

- * Hjarteforskning 10.000
- * Kreftforskning 5.000
- * Tuberkulose 5.000
- * Skulekorpsa i Uskedalen og Rosendal (Austnes-prosjektet) 3.000
- * Urinkontroll-apparat for heimesjuketenesta i Uskedalen: 5.000

- * Premie til hoppetau-tevlinga i april ved Uskedalen skule, beste klasse: 1.000
- * Premie til hoppetau-tevlinga i april ved Bringedalsbygda skule, beste klasse: 1.000

Dei som var på val i styret vart attvalde og styret er samansett slik: Leiar Selma Eik, nestleiar Berit H. Myklebust, kasserar Hilda Guddal, skrivar Inger Moberg, styremedlem Margit Eik.

Varamedlemmer er Martha Bakke og Berit Harriet Døssland.

Selma Eik gjorde det under årsmøtet klårt at ho tok på seg leiarvervet for berre ein toårsbolc til. Når ho går av, vil ho ha leia helselaget i 10 år.

Av Ola Matti Mathisen